

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 15.06.2023
Møtetid: Kl. 08:30 - 16:10
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Uavh

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Shirin Kvernes Khadoor	Ap	Oddrun Lemme Sandvin	Ap
Knut Loneland Høibraaten	Bl	Dag Nydal	Bl
Solveig Vassenden	Bl	Evelyn Frøland	Bl
Oskar Røen	MDG	Marijke Strømmen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG	Magni Petersen	MDG

Ugild:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Karl Bård Kollbotn, Frp	055/2023	Håvard Tvedterås, Frp	
Linda Haug Kollbotn, Frp	055/2023	Svein Verner Røseth, Frp	
Odd Arne Haga, Frp	055/2023	,	
Knut Harald Frøland, Bl	066/2023	,	

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Ragnhild Lønningdal, einingsleiar teknisk forvaltning
- Joachim Mathisen, næringsutviklar
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Laila Grønn-Jensen, einingsleiar livsmeistring (under presentasjon av barnevernstenesta i sak 041)
- Inge Aasgaard (inspirasjon til marknadsføring av kommunen i sak 041)
- Fred Morten Ervik (inspirasjon til marknadsføring av kommunen i sak 041)

Musikalsk innslag:

I starten av møtet var det eit musikalsk innslag ved ein av elevane ved Samnanger kulturskule, Tilde Hofsø Steinsland.

Medlemmer som ikkje var til stades på heile møtet:

Varaordførar Øyvind Røen (Sp) deltok på møtet frå og med sak 055 (frå kl. 12:05).

Setje-varaordførar

Etter handsaminga av sak 041 foreslo ordførar Knut Harald Frøland (Bl) at Karl Bård Kollbotn (Frp) skulle gå inn som setje-varaordførar fram til varaordførar Øyvind Røen (Sp) var på plass i møtet. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette. Karl Bård Kollbotn gjekk etter dette inn som setje-varaordførar i sakene 045, 047, 046, 048, 049 og 051.

Varamedlemmer som deltok i berre éi sak:

- Håvard Tvedterås (Frp) – møtte som varamedlem i sak 055
- Svein Verner Røseth (Frp) – møtte som varamedlem i sak 055

Handsamingsrekkefølge i møtet:

Sakene vart handsama i følgjande rekkefølge:

- 040, 041, 045, 047, 046, 048, 049, 051, 055, 053, 042, 043, 044, 050, 052, 054, 056, 057, 058, 059, 060, 061, 062, 063, 064, 065, 066

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
040/2023	23/390	Godkjenning av innkalling og sakliste	
041/2023	23/390	Faste saker	
042/2023	23/403	Årsmelding 2022 Samnanger kommune	
043/2023	23/480	Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035	
044/2023	20/300	Prosjektplan helse- og omsorgsplan Samnanger kommune	
045/2023	21/761	Andre gongs handsaming og endeleg vedtak av detaljreguleringsplan for bustad - Haugane	
046/2023	22/807	Vurdering av tiltak for å bekjempe relativ fattigdom	
047/2023	22/326	Søknad frå kyrkjestyret om støtte til drift	
048/2023	21/392	Søknad kyrkjestyret - dekking av underskot investeringsbudsjett 2022	
049/2023	23/327	Straumstøtte til næringslivet i Samnanger kommune	
050/2023	23/299	Tilskot til Samnanger Jeger - og fiskerlag 2023	
051/2023	23/271	Godkjenning av rekneskap Samnanger kommune 2022	
052/2023	20/798	Økonomireglement Samnanger kommune	
053/2023	23/401	Premissar for budsjett og økonomiplan 2024 - 2027	
054/2023	23/477	Innkjøp av revisjonstenester - ny konkurranse - fullmakt til kontrollutvalet	
055/2023	22/764	Opsjonsavtale - Erikajorda	
056/2023	18/662	Ny kunstgrasbane med undervarme/ sportshall i Hagabotnane	
057/2023	23/402	Tertialrapportering økonomi pr. april 2023	
058/2023	23/402	Finansrapportering 1. tertial 2023	
059/2023	23/253	Revisjon av retningslinjer for følgjekort for personar med nedsett funksjonsevne	
060/2023	22/95	Transportordning for dagsenter, ungdom og eldre	
061/2023	20/390	Vedtak av samarbeidsavtale for Interkommunalt samarbeid om beredskap mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap	
062/2023	18/1447	Vedtak av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap	
063/2023	23/462	Vedtekter for Samnanger kommune sitt kraft- og heimfallsfond	
064/2023	22/515	Kommunale vegar og bruer - Vedlikehaldsplan 2024-2027	
1	20/25	Interpellasjon til KS 15.06.2023- Utbetring av vegstrekning, Hisdal - Os	
2	20/25	Interpellasjon til KS 15.06.2023 - Installasjon av innkjøpte leikeapparat på barneskulen	
3	20/25	Interpellasjonar til KS 15.06. 2023 - sjå vedlegg	
4	20/25	Interpellasjon til KS 15.06.2023 - Ungdomsklubb	
8	20/25	Interpellasjon til KS 15.06.2023- Tilskot til Totræna vinterpark	
065/2023	19/455	Kommunale bygg – Eigedomsforvaltning og	

		vedlikehaldsplan 2024–2027	
066/2023		Justering av vilkår for salsløyve – Tysse Landhandel AS	
2023D03	23/390	Presentasjonar og dokument utlevert i møtet	

SAKNR. 040/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gunn Østvik Petersen (Ap) foreslo at møtet skulle avsluttast seinast kl. 16.00. Kommunestyret slutta seg til dette.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til den lange saklista, og foreslo at taletida for kvart innlegg i møtet skulle vera maksimalt tre minuttar. Kommunestyret slutta seg til dette.

Ordførar Knut Harald Frøland foreslo òg ei endring i rekkefølga for handsaming av nokre av sakene på saklista. Forslaget innebar at saker der det var kalla inn varamedlemm(er) på grunn av sannsynleg ugildsakt hos faste medlemmer, vart flytta fram i møtet. Kommunestyret slutta seg til forslaget til ordføraren.

Med desse presiseringane vart innkallinga og saklista samrøystes vedteken.

(Under handsaminga av agendapunktet Spørsmål i sak 041 Faste saker seinare i møtet, vart det vedteke å ta inn ei ekstrasak på saklista. Dette gjaldt sak om justering av vilkår for salsløyve for Tysse Landhandel AS.)

KS- 040/2023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 041/2023: Faste saker

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Ordføraren orienterer:

- **Godkjenning som Trafikksikker kommune.** Samnanger vart denne veka godkjent som såkalla Trafikksikker kommune.

Inspirasjon til marknadsføring av kommunen:

Inge Aasgaard og Fred Morten Ervik orienterte om korleis andre kommunar marknadsfører seg på heimesidene sine, og viste òg eksempel frå nettsidene til andre kommunar (mellom anna Tokke kommune). Dei peika òg på at det på dette området er eit forbetningspotensiale for Samnanger.

Rådmannen orienterer:

Orientering ved rådmann Ove Sæbø:

- **Organisering statleg del av NAV.** Orientering om eventuell endring i regional organisering av statleg del av NAV.
- **Vertskommunesamarbeid NAV.** Det har kome innspel om å få gjort ei utgreiing av mogleg

vertskommunesamarbeid mellom Austevoll, Bjørnafjorden og Samnanger. Rådmannen ønskte signal (innspel) frå kommunestyret på om det er ønskeleg å få utgreidd dette.

- **Møte med Bergen brannvesen 22.06.2023.** Tema for møtet vil vera brannvesenet sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse, førebyggjande arbeid og beredskapsanalyse. Dette vil vera eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med brannstasjon.
- **Sak om barnehagestruktur.** Rådmannen viste til kommunestyret sitt vedtak (frå 20.04.2023) om utgreiing av barnehagestrukturen i kommunen, og orienterte om at denne saka ikkje blir klar til kommunestyret sitt møte i september 2023. Saka blir tidlegast klar til kommunestyret sitt møte 19.10.2023.
- **Oppmoding frå IMDi om mottak av fleire flyktningar i 2023.** IMDi har sendt oppmoding til kommunen om å ta imot 30 flyktningar (til saman) i 2023. Sak om dette vil koma opp i kommunestyret i september.

Orientering ved einingsleiar livsmeistring, Laila Grønn-Jensen:

- Laila Grønn-Jensen, som er nyttilsett einingsleiar livsmeistring og barnevernsleiar i kommunen, presenterte seg sjølv og orienterte om status for barnevernstenesta. Kopi av presentasjonen ho viste i møtet, følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering ved kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- **Disponering av midlar frå arv til Samnangerheimen.** Edith Oma viste til spørsmål i formannskapet 01.06.2023 om vilkår for bruk av midlar frå testamentert arv til Samnangerheimen. Edith Oma orienterte om kva som står i testamentet og om kommunestyret sitt vedtak 13.09.2018 (KS-sak 038/2018) om disponering av midlane.
- **Forslag til ny legevaktavtale.** Kommunen har motteke forslag frå Bjørnafjorden kommune til ny legevaktavtale. Det vil bli lagt fram sak om dette for kommunestyret etter sommarferien.
- **Bårerom (syningsrom).** Orientering om status for arbeidet med bårerom (syningsrom).
- **FACT-team.** Orientering om vidareutvikling av FACT-team (FACT står for Flexible Assertive Community Treatment). Dette er eit samarbeid mellom Samnanger, Solli DPS og andre kommunar.
- **Bekymringsmeldingar barnevern.** Orientering om at det ikkje ser ut til å ha forsvunne nokon bekymringsmeldingar som er sendt til barnevernet i Samnanger kommune. Samnanger brukar det same barneverns-fagsystemet som Bergen kommune (Visma Familia).

Orientering ved kommunalsjef økonomi og organisasjon, Karl Viken:

- **Økonomiorientering.** Sjå vedlagte kopi av presentasjonen som vart vist i møtet.

Spørsmål:

Status for arbeidet med ny brannstasjon

Gunn Østvik Petersen (Ap) spurde om status for arbeidet med ny brannstasjon. Rådmann Ove Sæbø orienterte kort om dette.

Ny vurdering av salsløyve til Tysse Landhandel AS

Odd Arne Haga (Frp) viste til vedtaket som formannskapet gjorde 01.06.2023 om å gje Tysse Landhandel AS salsløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe 1. Det vart i vedtaket sett som vilkår at alkoholsalet skal vera bemanna. Odd Arne Haga bad om at kommunestyret fjerna dette vilkåret, og at sak om justering av salsløyvet vart teken inn som ekstrasak på saklista til kommunestyret 15.06.2023. Det vart samrøystes vedteke at saka skulle takast inn på saklista og handsamast som siste sak i møtet.

Undervisning på eige morsmål for elevar frå Ukraina skuleåret 2023-2024

Linda Haug Kollbotn (Frp) viste til elevar sin rett til undervisning på eige morsmål, og spurde om kva som vil vera status for dette i Samnanger ved skulestart hausten 2023. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet, men rådmann Ove Sæbø orienterte om at notat med informasjon om status

vil bli utarbeidd og sendt til kommunestyret.

Spørsmål om bemanning og sjukefråvær m.m. i skulane og barnehagane

Lena Tveit (Bl) las opp spørsmåla ho hadde meldt inn til møtet. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp administrasjonen sitt svar. Det gjekk der fram at administrasjonen vil kunne utarbeida svar til neste kommunestyremøte (14.09.2023). Svaret som ordføraren las opp i møtet, ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Interpellasjonar:

Informasjon om handsaminga av interpellasjonane i møtet, går fram av sakspapira for dei ulike interpellasjonane (sak RS 1, RS 2, RS 3, RS 4 og RS 8).

KS- 041/2023 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 042/2023: Årsmelding 2022 Samnanger kommune

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 042/2023 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Årsmelding for Samnanger kommune 2022.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 029/2023 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Årsmelding for Samnanger kommune 2022.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Årsmelding for Samnanger kommune 2022.

SAKNR. 043/2023: Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg om å trekka konsulentfirmaet ABO Plan & Arkitektur ut av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Det vart røysta over framlegget til Karl Bård Kollbotn. Framlegget fall med 5 mot 16 røyster.

For	Imot
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Dag Nydal (Bl)	Ove Totland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Øyvind Steinsland (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Evelyn Frøland (Bl)
	Oddrun Lemme Sandvin (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Borgevik (Ap)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Magni Petersen (MDG)
	Marijke Strømmen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart etter dette røysta over innstillinga til formannskapet, som vart samrøystes vedteken.

KS- 043/2023 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 mot 1 røyst.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Martin Haugen (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Jon Magne Borgevik (Ap)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	
Monica Tjønnå (Uavh)	

FORM- 030/2023 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentleg ettersyn

i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 4-1, 11-2, 11-12 og 11-13 vert det varsla oppstart av arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel, og planprogram for arbeidet vert lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Planprogrammet gjer greie for kva samfunnsplanen skal handla om, føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegg for medverknad.

SAKNR. 044/2023: Prosjektplan helse- og omsorgsplan Samnanger kommune

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 044/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek *prosjektplan helse- og omsorgsplan Samnanger kommune* slik den ligg føre.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 031/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek *prosjektplan helse- og omsorgsplan Samnanger kommune* slik den ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek *prosjektplan helse- og omsorgsplan Samnanger kommune* slik den ligg føre.

SAKNR. 045/2023: Andre gongs handsaming og endeleg vedtak av detaljreguleringsplan for bustad - Haugane

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til naturutvalet vart samrøystes vedteken.

KS- 045/2023 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 første ledd vert detaljreguleringsplan for bustad Haugane, PlanID 4623202201, vedteken av kommunestyret i Samnanger. Reguleringsplanen består av følgjande plandokument:

- Plankart, dagsett 09.03.23
- Reguleringsføresegner, dagsett 09.03.23
- Planskildring, dagsett 09.03.23

30.05.2023 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 014/2023 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 første ledd vert detaljreguleringsplan for bustad Haugane, PlanID 4623202201, vedteken av kommunestyret i Samnanger. Reguleringsplanen består av følgjande plandokument:

- Plankart, dagsett 09.03.23
- Reguleringsføresegner, dagsett 09.03.23
- Planskildring, dagsett 09.03.23

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-12 første ledd vert detaljreguleringsplan for bustad Haugane, PlanID 4623202201, vedteken av kommunestyret i Samnanger. Reguleringsplanen består av følgjande plandokument:

Plankart, dagsett 09.03.23

Reguleringsføresegner, dagsett 09.03.23

Planskildring, dagsett 09.03.23

SAKNR. 046/2023: Vurdering av tiltak for å bekjempe relativ fattigdom

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI) viste til at ho er tilsett i kommunen si barnevernstenste, og spurde om dette gjorde ho ugild i saka. I samråd med rådmannen avklarte ordføreren at dette ikkje gjorde ho ugild i saka. Det vart ikkje gjennomført røysting om gildskapen til Anja Elisabeth Gjerde Markhus.

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 046/2023 Vedtak:

Samnanger kommune etablerer ny teneste kalla *familielos*. Denne vert lagt til eining for livsmeistring og skal ha følgjande føringar:

1. Stillingsstorleik 30 – 50 %.
2. Plan og informasjon for tenesta skal utarbeidast. Oppstart av tenesta skal skje seinast 01.01.24
3. Innsatsområda skal vere:
 - Tett-på-samarbeid med barnehagane, skulane og helseeininga for å drive førebyggjande arbeid. Dette skal skje etter oppsett plan og med fast saksliste.
 - Tett-på-arbeid inn mot familiar og einskildpersonar i Samnanger som opplever relativ fattigdom. Føremålet er å kunne bidra med konkret rådgjeving og rettleiing knytt til økonomiske – og øvrige forhold som kan påvirke levkår negativt. Familielosen skal kunne tilby relasjonell støtte, handlingsplan over tid, hjelp i møte med ulike øvrige tenesteområde (koordinering, tilrettelegging og oppfølgingsstøtte).
4. Det vert utarbeidd oversikt over aktuelle tiltak familielosen kan hjelpe med. I tillegg

oversikt og funksjon som øvrige tenesteområde kan bidra med inn i arbeidet. Livsmeistring har koordineringsansvar.

5. Tilbudet er frivillig. Familielosen vil ha ei oppsøkande og inviterande tilnærming.
6. Kostnadane for tenesta skal dekkast innanfor budsjettramma til sektor helse og omsorg.
7. Tilbudet skal rapporterast om til kommunestyret saman med den årlege barnevernrapporteringa.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2023 Vedtak:

Samnanger kommune etablerer ny teneste kalla *familielos*. Denne vert lagt til eining for livsmeistring og skal ha følgande føringar:

1. Stillingsstorleik 30 – 50 %.
2. Plan og informasjon for tenesta skal utarbeidast. Oppstart av tenesta skal skje seinast 01.01.24
3. Innsatsområda skal vere:
 - Tett-på-samarbeid med barnehagane, skulane og helseeininga for å drive førebyggjande arbeid. Dette skal skje etter oppsett plan og med fast saksliste.
 - Tett-på-arbeid inn mot familiar og einskildpersonar i Samnanger som opplever relativ fattigdom. Føremålet er å kunne bidra med konkret rådgjeving og rettleiing knytt til økonomiske – og øvrige forhold som kan påvirke levkår negativt. Familielosen skal kunne tilby relasjonell støtte, handlingsplan over tid, hjelp i møte med ulike øvrige tenesteområde (koordinering, tilrettelegging og oppfølgingsstøtte).
4. Det vert utarbeidd oversikt over aktuelle tiltak familielosen kan hjelpe med. I tillegg oversikt og funksjon som øvrige tenesteområde kan bidra med inn i arbeidet. Livsmeistring har koordineringsansvar.
5. Tilbudet er frivillig. Familielosen vil ha ei oppsøkande og inviterande tilnærming.
6. Kostnadane for tenesta skal dekkast innanfor budsjettramma til sektor helse og omsorg.
7. Tilbudet skal rapporterast om til kommunestyret saman med den årlege barnevernrapporteringa.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune etablerer ny teneste kalla *familielos*. Denne vert lagt til eining for livsmeistring og skal ha følgande føringar:

1. Stillingsstorleik 30 – 50 %.
2. Plan og informasjon for tenesta skal utarbeidast. Oppstart av tenesta skal skje seinast 01.01.24
3. Innsatsområda skal vere:
 - Tett-på-samarbeid med barnehagane, skulane og helseeininga for å drive førebyggjande arbeid. Dette skal skje etter oppsett plan og med fast saksliste.
 - Tett-på-arbeid inn mot familiar og einskildpersonar i Samnanger som opplever relativ fattigdom. Føremålet er å kunne bidra med konkret rådgjeving og rettleiing knytt til økonomiske – og øvrige forhold som kan påvirke levkår negativt. Familielosen skal kunne tilby relasjonell støtte, handlingsplan over tid, hjelp i møte med ulike øvrige tenesteområde (koordinering, tilrettelegging og oppfølgingsstøtte).

4. Det vert utarbeidd oversikt over aktuelle tiltak familielosen kan hjelpe med. I tillegg oversikt og funksjon som øvrige tenesteområde kan bidra med inn i arbeidet. Livsmeistring har koordineringsansvar.
5. Tilbodet er frivillig. Familielosen vil ha ei oppsøkande og inviterande tilnærming.
6. Kostnadane for tenesta skal dekkast innanfor budsjettramma til sektor helse og omsorg.
7. Tilbodet skal rapporterast om til kommunestyret saman med den årlege barnevernrapporteringa.

SAKNR. 047/2023: Søknad frå kyrkjestyret om støtte til drift

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 047/2023 Vedtak:

Søknad om driftsmidlar til auke lønsmidlar kyrkjevevje vert ikkje innvilga.

Rådmannen gjer framlegg i rekneskapsaka for 2022 å gje midlar til delar av gravplass- prosjektet – 150 000 kr – som er del av omsøkt beløp.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegg sak 33/23, sett fram av Monica Tjøvna (Uavhengig representant):

Endring: Søknad om driftsmidlar til auke lønsmidlar kyrkjevevje vert innvilga.

(Elles vert avsnitt 2 som det står.)

Handsaming:

Monica Tjøvna (Uavh) sette fram eit alternativt framlegg til vedtak.

I røystinga vart framlegget til Monica Tjøvna sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til rådmannen fekk 6 røyster og vart vedteke. Framlegget til Monica Tjøvna fekk 3 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	For Monica Tjøvna sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjøvna (Uavh)
Martin Haugen (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Totland Moss (KrF)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

FORM- 033/2023 Vedtak:

Søknad om driftsmidlar til auke lønsmidlar kyrkjevevje vert ikkje innvilga.

Rådmannen gjer framlegg i rekneskapsaka for 2022 å gje midlar til delar av gravplass- prosjektet – 150 000 kr – som er del av omsøkt beløp.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om driftsmidlar til auke lønsmidlar kyrkjevevje vert ikkje innvilga.

Rådmannen gjer framlegg i rekneskapssaka for 2022 å gje midlar til delar av gravplass- prosjektet – 150 000 kr – som er del av omsøkt beløp.

SAKNR. 048/2023: Søknad kyrkjestyret - dekking av underskot investeringsbudsjett 2022

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 048/2023 Vedtak:

Underskotet på 145 326 kr på investeringsbudsjettet for Samnanger kyrkjestyre vert dekkja gjennom ei ekstraløyving frå Samnanger kommune til kyrkjestyret. Finansieringa kjem gjennom bruk av disposisjonsfondet. Ekstraløyvinga vert sett på som eit eingongstiltak frå kommunen si side.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 034/2023 Vedtak:

Underskotet på 145 326 kr på investeringsbudsjettet for Samnanger kyrkjestyre vert dekkja gjennom ei ekstraløyving frå Samnanger kommune til kyrkjestyret. Finansieringa kjem gjennom bruk av disposisjonsfondet. Ekstraløyvinga vert sett på som eit eingongstiltak frå kommunen si side.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Underskotet på 145 326 kr på investeringsbudsjettet for Samnanger kyrkjestyre vert dekkja gjennom ei ekstraløyving frå Samnanger kommune til kyrkjestyret. Finansieringa kjem gjennom bruk av disposisjonsfondet. Ekstraløyvinga vert sett på som eit eingongstiltak frå kommunen si side.

SAKNR. 049/2023: Straumstøtte til næringslivet i Samnanger kommune

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 049/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 489 021,- i straumstøtte med fylgjande fordeling:

1. Eikedalen Skisenter AS kr. 176 644,-

2. K Knutsen AS kr. 200 000,-

3. Bjørkheim senter AS kr. 112 377,-

Finansiering frå disposisjonsfondet.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 035/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 489 021,- i straumstøtte med fylgjande fordeling:

1. Eikedalen Skisenter AS kr. 176 644,-
2. K Knutsen AS kr. 200 000,-
3. Bjørkheim senter AS kr. 112 377,-

Finansiering frå disposisjonsfondet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver kr. 489 021,- i straumstøtte med fylgjande fordeling:

1. Eikedalen Skisenter AS kr. 176 644,-
2. K Knutsen AS kr. 200 000,-
3. Bjørkheim senter AS kr. 112 377,-

Finansiering frå disposisjonsfondet.

SAKNR. 050/2023: Tilskot til Samnanger Jeger - og fiskerlag 2023**15.06.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Innstillinga til naturutvalet vart samrøystes vedteken.

KS- 050/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

30.05.2023 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT- 017/2023 Vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune løyver følgjande tilskot til Samnanger Jeger- og Fiskerlag i 2023:

- Kr. 60 000 til flaumvurdering i samband med oppgradering av laksetrapp i Jarlandsfossen. Tilskotet blir finansiert med kr. 30 000 frå Vilt- og fiskefondet og kr. 30 000 frå disposisjonsfondet.

Jf. vedtak i naturutvalet 28.05.2019 i sak 014/2019 får Samnanger Jeger- og Fiskerlag også kr. 20 000 i årleg driftstilskot, uavhengig av vedtaket i denne saka. Tilskotet for 2023 vert utbetalt snarleg.

SAKNR. 051/2023: Godkjenning av rekneskap Samnanger kommune 2022

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Leikeapparat barneskulen, sett fram av Arild Røen (Høgre):

Det vert sett av inntil kr 200000 til montering av innkjøpte leikeapparat på barneskulen

Arild Røen Høgre

Forslag frå MDG (justering av rådmannen sitt opphavlege framlegg), alternativt pkt. 3, sett fram av Marijke Strømme (Miljøpartiet Dei Grøne):

- Tilskot til ENØK-tiltak det ikkje vert gjeve ENOVA-støtte til, 1,4 millionar kroner
- Fritidskortordning for alle i arbeidsgruppa 6-18, men med moglegheit for å gje større sum til barn og unge som lever i familiar prega av relativ fattigdom, 1,4 millionar kroner
- Kommunalt kulturfond, 2 millionar kroner
- Straumstøtte næringsliv, 489 021 kr
- Tilskot prosjekt gravplass kyrkjestyret, 150 000 kr
- Inndekning underskot investeringsrekneskapan, 145 326 kr
- Vibrafon Kulturskolen, 70 000 kr
- Prosjekt motorsportbane, 50 000 kr
- Tilskot styrking fond 2023, Fisk og friluft, 30 000 kr
- Utviklingsfondet som vart oppretta i 2022 vert tilført 2,5 mill. kr.
- 1,3 millionar kroner vert sett av til vegvedlikehald, enten i form av investeringar i år eller i form av fondsplasseringar for å letta disponeringane til dette i økonomiplanperioden
- 250.000 kroner vert sett av på kommunen sitt berekraftsfond, og kan nyttast til klimatiltak, jf. klimabudsjettet
- 150.000 kroner vert sett av til automatisk målestasjon i symjebassenget, noko som kan gje reduserte driftsutgifter / redusert bruk av overtid
- 200.000 kroner vert sett av til etablering av makerspace / skaparverkstad i Samnanger; rådmannen vert bedt vurdere eigna lokale og eigna løysingar for å starta opp eit slikt

Fritidskort Krf, sett fram av Gunn Totland Moss (Kristeleg Folkeparti):

Fritidskort som ei universell ordning for aldersgruppa 6-18 år til dekking av fritidsaktivitetar, kr 2000 pr.år.

Godkjenning rekneskap, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

1. Årsrekneskapen for Samnanger kommune 2022 vert godkjent. Rekneskapen for 2022 gav eit mindreforbruk på 23 688 363 kr. I avslutninga av rekneskapen for 2022 vart fyrst avsetjingar til disposisjonsfond stroke i samsvar med forskrift § 4-3. Resterande mindreforbruket vart avsett til disposisjonsfond og rekneskapen er avlagt i balanse (kr. 0).

2. Framført underskot på sjølvkost kan dekkast inn ved eit eventuelt overskot på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld: Vatn, kr 716 282 · Eikedal, vatn kr 129 561 · Avløp, kr 1 508 019 · Slam, kr 68 737 3.

3. Kommunestyret godkjenner følgjande tiltak finansiert av disposisjonsfondet: · Tiltak relativ fattigdom: - Tilskot private - kjøp varmepumpe – 700 000 kr - Tilskot private – fritidskort/ fritidstilskot – 1.000.000 kr · Kommunalt kulturfond – 1.000.000 kr · Straumstøtte næringsliv – 489 021 kr · Søkknadar kyrkjestyre: - Tilskot prosjekt gravplass kyrkjestyret - 150 000 - Inndekning underskot investeringsrekneskapen - 145 326 kr · Vibrafon Kulturskolen – 70 000 kr · Prosjekt motorsportbane - 50 000 kr · Tilskot styrking fond 2023 – Fisk og friluft – 30 000 kr · Utviklingsfondet som vart oppretta i 2022 vert tilført 2,5 mill. kr.

Verbalpunkt:

Rådmann kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med forslag til vedtekter for kulturfond. Der det mellom anna blir gitt aksept for at kulturhus/ ungdomshus kan søkje om støtte til investeringstiltak.

Rådmann kjem attende i kommunestyret hausten 2023, etter at famielos er tilsatt, med forslag til korleis midlar avsatt til relativ fattigdom kan nyttast med størst mogeleg måloppnåing.

Rådmann kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med forslag til gjennomføring av totalentreprise for utbetring av resterande veg mellom Haga og Hagabotnane.

Rådmann kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med vurdering av om automatisk målestasjon i symjebassenget kan gje driftsinnsparringar.

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram eit framlegg.

Monica Tjønnå (Uavh) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Knut Harald Frøland (Bl) fram eit fellesframlegg frå Bl, Frp og KrF.

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram eit framlegg.

Marijke Strømmen (MDG) sette fram eit framlegg frå MDG.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Arild Røen. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over framlegget til Gunn Totland Moss. Framlegget fall med 1 mot 19 røyster.

Gunn Totland Moss røysta for framlegget.

Til slutt vart framlegget til MDG sett opp mot fellesframlegget til Bl, Frp og KrF. Fellesframlegget fekk 15 røyster og vart vedteke. Framlegget til MDG fekk 5 røyster.

For BI, Frp og KrF sitt fellesframlegg	For MDG sitt framlegg
Knut Harald Frøland (BI)	Magni Petersen (MDG)
Lena Tveit (BI)	Marijke Strømmen (MDG)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	Oddrun Lemme Sandvin (Ap)
Dag Nydal (BI)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Ove Totland (BI)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Øyvind Steinsland (BI)	
Martin Haugen (BI)	
Evelyn Frøland (BI)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Harald Boge (Ap)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Monica Tjønnna (Uavh)	

KS- 051/2023 Vedtak:

1. Årsrekneskapen for Samnanger kommune 2022 vert godkjent. Rekneskapen for 2022 gav eit mindreforbruk på 23 688 363 kr. I avslutninga av rekneskapen for 2022 vart fyrst avsetjingar til disposisjonsfond stroke i samsvar med forskrift § 4-3. Resterande mindreforbruket vart avsett til disposisjonsfond og rekneskapen er avlagt i balanse (kr. 0).

2. Framført underskot på sjølvkost kan dekkast inn ved eit eventuelt overskot på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld: Vatn, kr 716 282 · Eikedal, vatn kr 129 561 · Avløp, kr 1 508 019 · Slam, kr 68 737

3. Kommunestyret godkjenner følgjande tiltak finansiert av disposisjonsfondet: · Tiltak relativ fattigdom: - Tilskot private - kjøp varmepumpe – 700 000 kr - Tilskot private – fritidskort/ fritidstilskot – 1 000 000 kr · Kommunalt kulturfond – 1 000 000 kr · Straumstøtte næringsliv – 489 021 kr · Søkknadar kyrkjestyre: - Tilskot prosjekt gravplass kyrkjestyret - 150 000 kr - Inndekning underskot investeringsrekneskapen - 145 326 kr · Vibrafon Kulturskolen – 70 000 kr · Prosjekt motorsportbane - 50 000 kr · Tilskot styrking fond 2023 – Fisk og friluft – 30 000 kr · Utviklingsfondet som vart oppretta i 2022 vert tilført 2,5 mill. kr.

4. Det vert sett av inntil kr 200 000 til montering av innkjøpte leikeapparat på barneskulen.

Verbalpunkt:

Rådmannen kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med forslag til vedtekter for kulturfond, der det mellom anna blir gitt aksept for at kulturhus/ungdomshus kan søkje om støtte til investeringstiltak.

Rådmannen kjem attende i kommunestyret hausten 2023, etter at familielos er tilsett, med forslag til korleis midlar avsett til relativ fattigdom kan nyttast med størst mogeleg måloppnåing.

Rådmannen kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med forslag til gjennomføring av totalentreprise for utbetring av resterande veg mellom Haga og Hagabotnane.

Rådmannen kjem attende i kommunestyret hausten 2023 med vurdering av om automatisk målestasjon i symjebassenget kan gje driftsinnsparingar.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegg sak 36/23, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Tillegg:

...Under punkt der kommunestyret disponerer osv....:

- 2,5 mill kr. vert brukt på prosjekt "Auka grunnbemanning". Midlane vert brukt innanfor oppvekst sektor og helse- & omsorg sektor. Auka grunnbemanning må sjåast i samanheng med høgt sjukefråvær med høgt sjukefråvær og "støtet" må setjast inn spesifikt i skulane, barnehagane, heimesjukepleien og på sjukeheimen. Prosjektet skal evaluerast etter 1 år.

Handsaming:

Monica Tjønnå (Uavh) sette fram eit framlegg til tilleggspunkt.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg om å oversenda saka til kommunestyret utan innstilling.

I røystinga i saka vart oversendingsframlegget til Odd Arne Haga sett opp mot rådmannen sitt framlegg. Framlegget til Odd Arne Haga vart vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje røysta over framlegget til Monica Tjønnå.

FORM- 036/2023 Vedtak:

Saka vert oversendt til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsrekneskapen for Samnanger kommune 2022 vert godkjent. Rekneskapen for 2022 gav eit mindreforbruk på 23 688 363 kr. I avslutninga av rekneskapen for 2022 vart fyrst avsetjingar til disposisjonsfond stroke i samsvar med forskrift § 4-3. Resterande mindreforbruket vart avsett til disposisjonsfond og rekneskapen er avlagt i balanse (kr. 0).
2. Framført underskot på sjølvkost kan dekkast inn ved eit eventuelt overskot på eit seinare tidspunkt. Dette gjeld:
 - Vatn, kr 716 282
 - Eikedal, vatn kr 129 561
 - Avløp, kr 1 508 019
 - Slam, kr 68 737
3. Kommunestyret godkjenner følgjande tiltak finansiert av disposisjonsfondet:
 - Tiltak relativ fattigdom:
 - Tilskot private - kjøp varmepumpe – 700 000 kr
 - Tilskot private - fritidskort – 700 000 kr
 - Kommunalt kulturfond – 600 000 kr
 - Straumstøtte næringsliv – 489 021 kr
 - Søkadar kyrkjestyre:
 - Tilskot prosjekt gravplass kyrkjestyret - 150 000
 - Inndekning underskot investeringsrekneskapen - 145 326 kr
 - Vibrafon Kulturskolen – 70 000 kr
 - Prosjekt motorsportbane - 50 000 kr
 - Tilskot styrking fond 2023 – Fisk og friluft – 30 000 kr
 - Utviklingsfondet som vart oppretta i 2022 vert tilført 2,5 mill. kr.
 - Kommunestyret disponerer vidare sum på inntil 4 mill. kr til følgjande tiltak:
 -
 -

SAKNR. 052/2023: Økonomireglement Samnanger kommune

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innstillinga til formannskapet vart samrøystes vedteken.

KS- 052/2023 Vedtak:

Framlegg til økonomireglement for Samnanger kommune vert vedteke slik det ligg føre.

01.06.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 037/2023 Vedtak:

Framlegg til økonomireglement for Samnanger kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til økonomireglement for Samnanger kommune vert vedteke slik det ligg føre.

SAKNR. 053/2023: Premissar for budsjett og økonomiplan 2024 - 2027

15.06.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Premiss for budsjett og økonomiplan 2024-2027, sett fram av Arild Røen (Høgre):

1. Skrifta på minnensteinen etter 2. verdskrig på kyrkjegarden er snart uleseleg. Ny skrift - kr 50.000 - 100.000

2. Oppstart revisjon bygde-/slektsbok for Samnanger: kr 100.000.-

3. Auka tildeling Kultur. Tildeling til kultur er for lita (ref ekstra tildeling tidlegare i år). Forslag: Kultur får minst kr 600.000.- ekstra tildeling i 2024

4. Redusera Eigedomsskatt for næring. Denne er idag på maksbeløp 7 o/oo. Eit viktig signal til næringsdrivande og ikkje minst nye aktørar som vil etablere seg i Samnanger kan være å redusere eigedomsskatten for næring. Ber om ei kort utgreiing kva konsekvensar ein reduksjon på 1 o/oo vil gjera for budsjett 2024 og for økonomiplanen i perioden

5. I sak 64 i dagens møte får me presentert kva etterslep vedlikahald av kommunal infrastruktur vil kosta. Forslag: Midlar til vedlikehald av kommunal infrastruktur vert auka med kr 4.000.000.- kvar år i planperioden

6. Veg til Totræna. Det ligg føre ein interpellasjon i dagens møte om denne vegen. Anlegget i Totræna er i stor grad utbygd og drifta av "ildsjeler" i Samnanger Idrettslag. Kommunen har gitt støtte til utbetring og til slutt ny veg opp til anlegget: Forslag: Samnanger kommune overtek den private delen av vegen frå Åreiane (?) og opp til parkeringsplassen for anlegget - Altså: heile vegen opp til anlegget vert kommunal veg

7. Midlar som vil betra grunnbemanning i skule og barnehage vert auka med kr 4.000.000.-/år

8. Midlar til psykisk helse i skule og barnehage vert auka med kr 2.000.000.- /år

9. Utvikling av område for bolig og næring: Samnanger kommune kan påverka tomteprisar for begge ved å: a) gje økonomisk garanti til private utbyggjarar b) gje direkte økonomisk støtte til private utbyggjarar. Både a) og b) for å ta ned risiko og ikkje minst sikra "så lave tomteprisar i Samnanger at

di vert attraktive for personar/næringsdrivande utanfor kommunen"

10. Brannstasjon: Denne må nemnas for ikkje å verta "gløymd"

11. Tidlegare hadde me ei ordning der busette langs private vegar kunne søkja som økonomisk støtte til vedlikehald og brøyting av den private vegen. Foreslår at denne ordninga vert vurdert innført på nytt. Kostnad: Kr 500.000.- /år

H og Ap

Forslag frå MDG, sett fram av Magni Petersen (Miljøpartiet Dei Grøne):

1. Det skal i arbeidet med budsjett- og økonomiplan sjåast på moglegheitene for å styrka grunnbemanninga innan oppvekstsektoren og på Samnangerheimen, og på dei moglege økonomiske konsekvensane av dette, både på kortare og lengre sikt. Dette må også sjåast i samanheng med arbeid for å redusera vikarbruk og sjukefråver, og med målsetninga om fulle stillingar.

2. I det endelege framlegget til budsjett og økonomiplan må det synleggjerast korleis bygging av fleirbrukshall påverkar økonomien, og kva effekten vil vera dersom ein vel å skyva ei eventuell utbygging lenger fram i tid. Kommunestyret ber difor om ei samanstilling som også synleggjer alternative prioriteringar. Det vil vera naturleg å sjå dette i samanheng med naudsynt vedlikehald av kommunale vegar og bygningar, og dermed med framtidige reduserte driftsutgifter som kan gjera det løftet det er å byggja ein fleirbrukshall lettare seinare i perioden.

3. Det skal i arbeidet med budsjett- og økonomiplan bakast inn arbeid med energioptimalisering i kommunale bygg og einingar, noko som kan sjåast i samband med både reduserte framtidige driftskostnader og med kommunen sitt arbeid rundt klima og energi.

Utdjuping av punkt 8 i forslag frå H og Ap, sett fram av Gunn Østvik Petersen (Arbeiderpartiet):

Det vert løyvd 2 millionar ekstra årleg til skule og barnehage for å styrka bemanning knytta til det psykososiale miljøet, for å motverke mobbing og ivareta god psykisk helse. Det er skule og barnehage, i samråd med PPT og evt. andre fagkyndige som sjølv bestemmer kva fagkompetanse ein skal tilsetje.

Fritidskort KrF, sett fram av Gunn Totland Moss (Kristeleg Folkeparti):

Fritidskort som eit universelt tilbod for aldersgruppa 6-18 år til fritidsaktivitetar med ein sum på kr 2000 pr år.

Tilskot til Totræna vinterpark, sett fram av Gunn Totland Moss (Kristeleg Folkeparti):

Samnanger KrF ber om at det vert innvilga økonomisk tilskot til utbetring av vegen til Totræna vinterpark med fleire møteplassar, og utviding av parkeringsplassen, etter at det er lagt fram eit kostnadsoverslag frå langrennsgruppa.

Tilleggspunkt fra Samnanger FrP til KS_møtet 15.06.2023, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Oppsummering interpellasjon 1 – 9 frå Frp:

Rådmann får i oppgave å arbeide inn i budsjettet for 2024, å fjerne eiendomsskatten på bolig og fritidsbolig f.o.m. 01. januar 2024. Skatten skal settes til 0 promille fra sammen dato.

Samnanger FrP ber Rådmann å utarbeide planer for bygging av boliger i allerede etablerte og nye boligområder i kommunen. Dette er for å ta igjen «etterslepet» på 3% pr. år, som ligger i arealdelen i kommuneplanen. Det skal innarbeides i budsjettet og tilrettelegges for kommunal infrastruktur i eksisterende og nye boligområder.

Rådmann skal sette av midler i budsjettet for 2023/2024, for å ta etterslep på vedlikehold på bygg og anlegg innen utgangen av 2024.

Rådmann skal innarbeide i budsjettet for 2023/2024 at det skal etableres to pedagoger pr. klasse i barne og ungdomsskolen.

Rådmann skal innarbeide i budsjettet at det til en hver tid skal være nok avlastningsplasser tilgjengelig på sykehjemmet.

Rådmann innarbeider i langtidsbudsjettet å bygge sportshall i Hagabotnane med fullverdig håndballbane og tilrettelagt for 7 er fotball. Forutsetningen er at det ikke bygges ny kunstgressbane på grusbane i Hagabotnane.

Rådmann innarbeider i langtidsbudsjettet å planlegge for et samarbeid mellom ungdomslaget/kommunen om å utvide eksisterende bygg for et fremtidig kulturhus i Samnanger.

Rådmann innarbeider i budsjettet å sette av midler til reparasjon av anleggskaien. Kaien settes i stand for å ta i mot større båter på Ytre Tysse.

Rådmann skal innarbeide i budsjettet, å sette av midler til å utbedre resterende veistrekning i Hagabakkane, for å få ivareta myke trafikanter og bedre regulariteten i trafikkavviklingen på strekningen.

Tiltaka skal finansieres ved å terminere alt arbeid med flerbrukshall på Bjørkheim.

Vinteropen fotballbane, sett fram av Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bygdalista):

Dette med å ha ein liten pensjoniststilling for brøyting etc. i Hagabotnane har fungert godt. Det vart mange fleire brukstimar på bana i vinter. Rådmann ser på ei løysing med vinteropen bane også komande sesong.

Premisspunkt auka grunnbemanning, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Samnanger kommune vil vera ein føregangskommune ved å auka grunnbemanninga innafør sektorane pleie/omsorg og skule/oppvekst.

Det vert løyva kr 4 millionar pr år. Rådmann får i oppgåve, i samarbeid med kommunalsjefar, einingsleiare og tillitsvalde, å gjennomføra eit 2-årsprosjekt frå 01.01.2024 korleis ein kan bruka midlane for å oppnå ønska mål med å auka grunnbemanning.

Pengane vart teke frå disposisjonsfondet.

Måla:

-Auka kvalitet på tenestene.

- Meir "ansiktstid" mellom tilsette og brukare/pasientar/elevlar/born/.

-Vurdera om det er hensiktsmessig å tilsette miljøarbeidare innafør sektor skule/oppvekst.

-Sjå om det kan vera samanheng mellom sjukefråvær og bemanning. (Ein forventar her nedgang i sjukefråvær som følgje av auka bemanning).

- Bruka ei auka grunnbemanning som god reklame for kommunen, og slik kunne sikra betre rekruttering til dei gjeldande yrker.

- Vurdera punkta ovanfor og ta ei heilhetlig vurdering om dette skal vera ein ei fast ordning. Dette må komma som eigen sak i desembermøtet 2025.

Monica T.

Ua

Vurdering av tilskot til utbetring av, eventuelt overtaking av, veg og parkering i Totræna vinterpark., sett fram av Ove Totland (Bygdalista):

Vurdering av tilskot til utbetring av, eventuelt overtaking av, veg og parkering i Totræna vinterpark.

Samnanger kommune har eit flott skianlegg i Totræna, og anlegget er i stor grad drifta med dugnadsinnsats. Men tilførselsvegen til skianlegget er smal og har få møteplassar. Kapasiteten på parkeringsplassen har vorte ei utfordring på fine vinterdagar.

Kommunestyret i Samnanger kommune ber administrasjonen å oppretta dialog med langrennsgruppa i SIL for å få oversikt over kva plana langrennsgruppa har for utbetring av tilførselsvegen til Totræna med fleire møteplassar og ei eventuell utviding av parkeringsplassen i Totræna. Når det føreligg eit kostnadsoverslag på tiltaka som er tenkt gjennomført og ein vurdering av konsekvensar av at kommunen eventuelt overtek ansvaret for vege så kan kommunestyret i

Samnanger kommune vurderer om og eventuelt kva kommunen kan bidra med. Me ber administrasjonen om at Vurdering av tilskot til utbetring av, eventuelt overtaking av, veg og parkering i Totræna vinterpark blir lagt fram som eige sak for kommunestyret når saka har blitt utgreidd.

Redigert framlegg, auka grunnbemanning, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Samnanger kommune vil vera ein føregangskommune ved å auka grunnbemanninga innafør sektorane pleie/omsorg og skule/oppvekst.

Det vert løyva kr 4 millionar pr år. Rådmann får i oppgåve, i samarbeide med kommunalsjefar, einingsleiare og tillitsvalde, å gjennomføra eit 2-årsprosjekt frå 01.01.2024 korleis ein kan bruka midlane for å oppnå ønska mål med å auka grunnbemanning.

Pengane vart teke frå disposisjonsfondet.

Måla:

- Auka kvalitet på tenestene.
- Meir "ansiktstid" mellom tilsette og brukare/pasientar/elevlar/born/.
- Vurdera om det er hensiktsmessig å tilsette miljøarbeidare innafør sektor skule/oppvekst.
- Fokus på psykisk helse og psykososialt miljø.
